



KOPI

Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15398 - 22/56489

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
12.07.2022

Ber om tilbakemelding - Reguleringsplan for Eikanger Næringsområde, planID 1263-201114

Ber om tilbakemelding angående rekkjefølgjekrav § 1.4.7 i reguleringsplan for Eikanger Næringsområde, planID 1263-201114.

Viser til uttale til reguleringsplanendring, datert 02.06.2022.

Det har denne våren blitt jobba med å gjennomføre ei reguleringsendring for reguleringsplanen for Eikanger næringsområde, planID 1263-201114. Denne endringa tok føre seg rekkjefølgjekravet § 1.4.4:

«Minimum 70% av areala i delfelt KBA1 og KBA2 skal byggjast ut før ein startar på delfelt KBA3 og KBA4. Det kan gjerast avvik i høve til arealkrevjande verksemder sjølv om utnyttingsgraden ikkje har nådd 70%».

Dette føresegnet er føreslått fjerna.

Under den begrensa høyringa har Statens vegvesen komme med ei tilbakemelding, der de isolert sett ikkje hadde noko vesentlege merknadar knytt til utbyggingsrekkjefølgje for området. De kom derimot med ei tilbakemelding på § 1.4.7:

«Delområda KBA1 og KBA2 kan byggast ut før gang- og sykkelvegen vert opparbeidd og teken i bruk.»

De stiller spørsmål til kva som tilseier at resterande g/s veg, frå busshaldeplass og ca. 600 meter i retning Ostereidet, ikkje er ein del av dette rekkjefølgjekravet.

Tippetue Arkitekter AS har utarbeida eit skriv, som ligg vedlagt.

Alver kommune ønskjer å byggje på dette skrivet med å vise til brev frå Statens vegvesen datert 28.09.2012, samt saksframlegget frå vedtaket av denne planen. Dokumenta ligg vedlagt.

Statens Vegvesen fekk i brev av 17.09.2012 frå Lindås kommune spørsmål om dei på nytt kunne vurdera sine krav knytt til at ny gang- sykkelveg frå det nye næringsområdet til E39 krysset på Eikanger (ved fylkesvegen til Høyland (Mykingvegen)) skulle vera på plass så snart eit av delfelta KBA1 eller KBA2 var bygd ut. Statens Vegvesen har i brev stempla motteke 05.10.2012 skrive at dei ikkje kan akseptera at det ikkje vert sett noko rekkjefølgjekrav om utbygging av gang- sykkelveg frå E39 krysset til avkøyringa til næringsområdet. Dei kjem likevel kommunen i møte ved at dei opnar for at både KBA1 og KBA2 kan byggjast ut før rekkjefølgjekravet slår inn.

Utklipp frå saksframlegg, datert 08.11.2012, møtedato for kommunestyret 22.11.2012.

Vi viser til Dykkar oversending av 17.09.12 der De ber om ei ny vurdering av rekkjefølgjekravet om bygging av gang- og sykkelveg mellom Eikangervåg og Eikanger Næringsområde som del av utbygginga av næringsområdet.

Bakgrunnen for vårt krav om opparbeiding av gang- og sykkelvegen var først og fremst for å sikre mjuke trafikantar frå nærområdet som enten arbeider innanfor næringsområdet eller på annan måte oppsøker området m.a. for å nytte seg av forretningar eler anna form for tenesteyting som vil verte etablert i næringsområdet.
Vi har ikkje fokusert så sterkt på tilbud til syklistar og andre mjuke trafikantar som kjem lenger vekk frå som Knarvik eller Ostereidet.

To utklipp frå brev frå Statens vegvesen, datert 28.09.2012.

Ut frå desse dokumenta er det tydeleg for Alver kommune at hensikta alltid har vore at rekkjefølgjekrav for g/s veg, har vore knytt til g/s veg frå Mykingvegen og opp til næringsområdet. G/s veg vidare frå busshaldeplassen og 340 meter i retning Ostereidet har ikkje vore tenkt som del av rekkjefølgjekravet. Dette rekkjefølgjekravet kom inn i siste liten før vedtak av plan, og blei ikkje presisert godt nok. Difor er det forståeleg at Statens vegvesen no stiller spørsmål til dette.

Vidare stiller Alver kommune seg bak Tippetue Arkitekter AS sine vurderingar knytt til trafikksikkerheit ved å byggje ut g/s veg i tråd med reguleringsplan.

Tippetue Arkitekter AS har i sitt skriv lagt fram at ein kan revidere planendinga.

Vi har valt å sende over dette skrivet, med ønskje om å få ei tilbakemelding på vurderinga av rekkjefølgjekravet § 1.4.7, for å deretter vurdere om ein skal sette i gang med å revidere planendinga.

Vi ber om å få ei samla tilbakemelding på dette og Tippetue Arkitekter AS sitt skriv innan 19.08.2022.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1. Svar på merknad Vegvesenet Tippetue - ATR
2. Avtale SVV E39 Eikanger
3. Byggeplanhefte E39 Nordhordaland Næringspark
4. 2.gangs handsaming av reguleringsplan for Eikanger næringsområde

Vedlegg:

5. Merknad - Statens vegvesen - 28.09.2012

Kopi til:

Atr Eiendom As
Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5
Sandviksbodene 5

5035
5035

BERGEN
BERGEN

Mottakrar:

Statens Vegvesen Region Vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

KOPPI